



# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for februar 2017.

Distrikt 2305  
Klubbnr. RK

Årgang  
52



---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Eileen Brandad Hareide  
Visepres: Sverre Jarl Ulstein  
Sekretær: Arne G. Aschehoug  
Kasserar: Hanne Rognan  
Past pres: Bernhard Harkjerr  
Styremedlem: Vegard Gjerde  
Styremedlem: Bjørn Teigene  
Ansv.red.: Vigdis Riise  
Referent: Vigdis Rise

---

---

## Februarmorgen ved Golfen

Ind under himlen, den blaa, der synes  
saa nær, saa nær,  
er skredd et under: De hvite blomstrende  
mandeltrær.

For aldrig saa jeg dog før paa jorden  
et syn saa hvitt.  
Det dufter av dem i morgensolen,  
men ganske litt.

Det skinner av dem, til alle tanker  
sig vider ut  
og majestætisk et tempel hvælver  
i tak til Gud --

hvor engler flagrer, hvor længsler mættes  
i nyfødt sang.  
Min sjæl forklares, og se, jeg knæler  
for første gang.

Nils Collett Vogt

---

## Rotarymøtet måndag 6. februar 2017

Program: Bygdebøkene i Hareid og Ulstein.  
Personboka 2000 E-bok

Sverre Bjåstad var kveldens foredragshaldar og orienterte om kva bygdebøker som eksisterte for Hareid og Ulstein. Først summerte han opp korleis stoda var på dette området for Hareid og Ulstein som har felles bygdebøker. Det synta at ein er høgst oppegåande og har følgd med utviklinga sidan starten på slutten av 60-talet.

1.	Soga om Hareid og Ulstein I og II <i>Ingvar Bjåstad</i>	1970
2.	Bygdebok for U. og H. III og IV. Gardar og folk i Ulstein <i>Asbjørn Waage</i>	1982
3.	Bygdebok for U. og H. III og IV. Gardar og folk i Hareid <i>Ingvar Bjåstad og Asbjørn Waage</i>	1985
4.	Ulstein og Hareid i Amerika <i>Asbjørn Waage</i>	1986
5.	Register til Bygdebok for Ulstein og Hareid <i>Sverre Bjåstad</i>	1987
6.	Personboka 2000 for Hareid og Ulstein <i>Sverre Bjåstad</i>	2001
7.	Utflyttarboka 2007 for Hareid og Ulstein <i>Sverre Bjåstad</i>	2007
8.	Personboka 2000 E-bok for H og U, oppdatert til 2003 <i>Sverre Bjåstad</i>	2016
9.	Utflyttarboka 2007 E-bok for H og U <i>Sverre Bjåstad</i>	2016

Sverre konsentrerte seg så om det siste tilskotet, Personboka 2000 og Utflyttarboka 2007 som e-bøker. Desse digitale bøkene kan lesast på nettbrett og mobiltelefon. Bøkene kan lastast ned på telefonen og nettbrettet og dei ligg der. Tek om lag same plass som 20 – 30 bilde.

Personboka E-bok er oppdatert fram til 2003. Dvs at ein har med 3 ”årskull” meir enn papirboka, svarande til dei som no går på ungdomsskulen. Vidare er det med dødsår fram til 2017 for dei som har gått bort og som står i Personboka.

Sverre demonstrerte så via nettbrett og prosjektor bruken av dei digitale bygdebøkene.

Kva er så fordelane med e-bok framfor papirbok? Sjølv om dei fleste enno helst likar papirboka, har e-bøkene ei framtid. Men det tek kanskje nokre år for å venje seg til e-boka. Spesielt fordi målgruppa for bygdebøkene mest er dei eldre.

Sverre viste med nokre døme kva fordel søkemotoren kan ha:

- finne alle som har flytta til eller frå Stord
- finne alle born til foreldre med namn Arne og Astrid
- finne alle som er fødte ein bestemt dato eller eit bestemt år

Den største fordelan er at ein alltid har med seg e-boka i lomma og ho er lett tilgjengeleg. Sjølv om boka inneheld over 20 000 namn, går det raskt å søkje gjennom heile boka. Sverre fortalde at han i fjor hadde telefonen Samsung S4. Det tok om lag eitt minutt for eit totalt søk. Etter å ha kjøpt ny telefon Samsung S7, var søkjetida redusert til 5-10 sekund. Han hadde generelt erfaring med at det gjekk endå raskare med iPhone.

## Rotarymøte 13. februar 2017-

Intercitymøte i Ulsteinvik på Sjøborg kulturhus  
ved Ulstein Rotaryklubb-

President Otto Kjetil Nytun i Ulstein Rotaryklubb kunne ønskje eit stort ( ca 200) publikum velkomen til dette Intercitymøte der dei hadde invitert rotaryklubbane frå Stranda, Sykkylven, Volda, Ørsta, Herøy og Hareid. I tillegg til dette kom 40 elevar frå Fagerli VGS i Ålesund som studerer forming og design. Det var eit spennande program med foredrag av industridesignar **Einar Johan Hareide** som er fødd og oppvaksen på Hareid. Han tok eit lydhøyrte publikum med på ei reise tilbake til korleis det heile starta og korleis det kanskje vil bli. Han fortalde underhaldande om seg sjølv og yrket sitt.

Med ein god porsjon sjølvironi og humor fortalde han om korleis han etter å ha avslutta gymnaset, ei periode der matematikktimane i stor grad vart nytta til teikning, drog til Herøy og lina teikning, form og farge. Deretter venta Statens Håndverks- og Industriskole og vidare studiar ved Høgskolan før Design och Kunsthantverk i Gøteborg.

Det var ved Centre for Creative Studies i bilbyen Detroit han fekk verkeleg jobbe seg inn mot bildesign. - For ein fyr frå Hareid var det fantastisk å få sitje å teikne bilar utan å få kjeft!

Einar Johan er nok for dei fleste kjend som designar hos den svenske SAAB produsenten.

Etter nokre år hos Saab drog han til Tyskland og Mercedes i Stuttgart der han var med å forma runde lyfter på E-modellane. Det vart 2 år i Tyskland og deretter tilbake til Saab og nye utfordringar, men etter at Saab vart oppkjøpt av GM syntes han det ver på tide å forlate Saab igjen for å dra til Norge og Moss der han etablerte «Hareide Design».

Her lagar vi mykje forskjellig. Ma, båtar til Brørd Aa, og den «gamle» bilmerket Borgward som ein i Tyskland ville prøve å få i produksjon att! (ref varebilen på Johanbutikken!)

Vi kan nytte kunnskap vi har på eit område og overføre det til eit anna. Einar J minte oss om at teknologien er til for oss og ikkje omvendt. Når det gjeld framtida meinte han at vi står framfor ein ny industriell revolusjon. Dampmaskinen var den første, deretter kom elektrisiteten og så informasjonsteknologien – no er det tinga sitt innebygde internett som gjeld!

Han avslutta med å fortelje at han stadig går tom for ideear, og at dette yrket hans er steinhard jobbing, men oppmoda alle om : Ver nysgjerrig!

Timen med Einar Johan gjekk fort og vart avslutta med blomar som takk for eit interessant foredrag,

## Rotarymøte 20 februar 2017

Vi opna som vanleg med song etter at president Eileen hadde ønskt alle velkomne.

Denne kvelden skulle vårt sist innmelde medlem : **Knut Strømsjordet** halde sitt egoforedrag og sidan han er innflyttar til bygda, så var det litt «spennande» å høyre han fortelje om eige liv og yrke.

Knut er fødd i 1974, er gift og har 2 barn på 6 og 9 år. Dei bur i Geilane byggefelt og han er tilsett som lærar ved Ulstein VGS og underviser f,t på lina for Salg og Service..

Han vaks opp på Hov i Land der det vart mykje havregraut sidan foreldra var unge og under utdanning i hans første år. Han stammar delvis frå Sunnmøre sidan mormora hans kom frå Borgarøya i Ulstein kommune og morfaren frå Hjørundfjorden og dreiv møbelfabrikken Hov Dokka.

Som ung dreiv Knut med friidrett og skigåing. Han trivs best i landlege omgjevnader og likara seg godt på Hareid.

Etter gymnaset på Gjøvik gjekk han på aqualinja på høgskulen i Sogndal og dereetter praksis i Hellas...han har teke Eksportmarknadsføring i Ålesund og økonomi i Madrid/Spania, jobba hos fa. Mørenot og vore lærarvikar på Vestnes. Læraryrket var kjekt, og dermed tok han Pedagogikk og vidare lærarjobbar i barneskulen i Nord Norge – Båtsfjord og Kirkenes.

Kona hans er frå Izmir i Tyrkia og dei gifte seg i 2005. Ho likar seg godt på Sunnmøre og har jobb på Hareid Sjukeheim som helsefagarbeidar.

For ca 20 år sidan var han ute for ei trafikkulykke i Gudbrandsdalen der han var sjåfør og faren døydde som ei følge av ulykka, medan broren vart hardt skadd. Dette har merkt han.

Elles er Knut ein aktiv kar som er engasjert i «Mobbesaka» og er med i diskusjonane på Facebook der mange tusen unge er med i diskusjonsforumet.

Han er også verge for ein einsleg mindreårig asylsøkjjar og hjelper til ved asylintervju...det er positivt å hjelpe og givande å kunne bidra.

Som lærar synest han det er viktig å også «fronte» dei unge som ikkje er lesehestar – viktig å hjelpe dei slik at dei kjem seg fram og ut i arbeidslivet.

PS Svigerfaren frå Izmir likar godt å vandre langs Hareidselva på Rotarystien!

### **Rotarymøte 27. februar 2017.**

Dette møtet var programfritt og servering av kaffi og nysteikte vafler.

Vi opna møtet likevel med song og litt orientering frå presidenten.

Dei einskilte komiteane samla seg rundt i lokalet og la planar for arbeidet vidare framover og elles gjekk praten rundt borda om «Laust og fast».